



Det var ikkje mange som kom til visningen av Tippehuset. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det var ikkje akkurat kø under visninga i Tippehuset tysdag ettermiddag. Rundt 10 var møtt fram og dei var nok meir skodelystne enn kjøpelystne.

Meglar Trond Dreyer frå EiendomsmeglerVest opplyste til uskedalen.no at det har kome nokre bod på det spesielle og historisk sett interessante hybelhuset, men boda har så langt ikkje vore høge nok til at eigarane vil akseptera dei.

- Dei sel ikkje for under 1.490.000, sa meglaren.



Sidan 1973 har ein Bergensfamilie vore eigar av huset som dei har nytta til fritidsbustad, men i vinterhalvåret har dei berre hatt stutte opphald der.

Kari Kulvik, Per Ingebrigtsen og Ola-Christian Michelsen eig ein tredel kvar.

Dei gjer det klart at standarden må bedømmast på bakgrunn av byggeår (1954) og opprinneleg bygningsteknisk standard og utførelse.

Det er i liten grad føreteke moderniseringar og oppgraderingar av standarden med unnatak av førefallande vedlikehald og utskifting av nokre vindauger i yttervegg. Samanlikning med bygning oppført etter dagens bygningstekniske krav og utførelse er ikkje relevant, heiter det i prospektet.

Dei som kom på visninga kunne sjå at huset i stor grad er slik som det var då det fungerte som hybelhus for jentene på hermetikkfabrikken. Slik sett er det eit unikt museum som fortel om ei anna tid. Som ei understreking av det er også dei gamle skilta på plass, til dømes "Spytning i trappen forbudt".

På veggane heng mellom anna dei strenge "føresegner" som galdt for huset og som tydelegvis er ført over frå den tidlegare "Arbeidarbustaden" ettersom dei er datert 1. november 1950. Her blir det mellom anna opplyst at det skal bu to på kvart rom og at løyve til å taka imot vitjing må gjevast av styrarinna for kvar einiskild gong. Vitjarane tek ein i mot i matsalen og dei som kjem på vitjing må ikkje takast inn på rommet utan samtykke frå romkameraten og styrarinna, blir det slått fast.

Av Ola Matti Mathisen



Det er ei triveleg "gamal" atmosfære i opphaldsromma. (Foto: Ola Matti Mathisen)